



200805564-7

Statens vegvesen

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat
Region Vest
Postboks 53
6801 FØRDE

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Arlil Hanekamhaug - 57655794

Vår referanse:
2005/074744-075

Dykkar referanse:
NVE 200805564-6

Vår dato:
17.12.2009

**E 16 NÆRØYDALEN – VOSS KOMMUNE – ULOVLEG STENGT FLAUMLAUP.
SØKNAD OM Å LA FLAUMVOLLEN VERTE STÅANDE.**

Vi syner til brevet dykkar av 10. november d.å. Vi må først be om orsaking for at vi ikkje overheldt svarfristen, noko som primært skuldast at underteikna reiste på 3-4 vekers ferie den 9. november.

Vi hadde ikkje høyrte noko frå NVE etter synfaringa den 25. juni og trudde faktisk at flaumvollen kunne verte ståande.

Grunneigarane har heile tida hevda at flomlaupet måtte stengast. Dei har framlagt prov på at det tidlegare ikkje har vore flaumlaup her, jf. kartskisse frå NVE (Erik Bjørnbæk) datert 12 des. 1954.

Forbygginga har blitt mykje større, høgare og breiare og lenger, enn kva som opphavelig var tenkt. Breiddeauken har si forklaring i at her har underentreprenør Turlid nytta høvet til å plassere overskotsmasse, og det utan at byggherren var orientert på førehand. Høgare og lengre (nærare ny bru) har si forklaring i at det vestre landkar på ny Holten bru kom utanfor gamle landkar med det resultat at flomelva no ville gå meir "rett fram" i svingen og grave meir på venstre (austre) side og derfor trong for flaumvoll frå brukar og ned forbi flomlaup.

I følgje Gunnar Jordalen vart Helge Leif Nordvik og Anja Midtun i samband med synfaring, masseuttak i Stalheimselvi den 22. juni 2007, med han ned til Holten bru. Der hadde Helge Leif Nordvik hevda det same. Flomelv no i haust har synt at dette var rett tenkt.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Bortsett frå så stor/lang flaumvoll at landkaret vert sikra, har vegvesenet ingen interesse i vollen og må fjerne resten om det vert fatta vedtak om det, men vi kan ikkje skjøne anna enn at det må vere, for alle partar, ei mykje betre løysing at vollen vert ståande og at det heller vert planta skog på baksida av den.

Statens vegvesen, region vest, søker med dette om å la flomvollen verte ståande.

Med helsing


Aril Hanekamhaug
Prosjektleiar

Kopi: Elveeigarlaget v/Gunnar Jordalen, Nærøydalsvegen 286, 5713 VOSSESTRAND